

Planprogram for revisjon av arealdelen til kommuneplanen, Bykle kommune 2025-2035



Fastsett i kommunestyret 30.01.2025 (Sak 11/2025)

Innhold

1.	Innleiing/Bakgrunn	3
1.1.	Føremålet med revisjon av arealdelen i kommuneplanen	4
1.2.	Bykle kommune sitt plansystem	5
1.3.	FN berekraftsmål.....	6
1.4.	Nasjonale og regionale føringar	6
1.5.	Regionale føringar	7
1.6.	Kommunale føringar - samfunnsdelen.....	9
2.	Sentrale problemstillingar og trong for utgreiingar	10
2.1.	Innhald i arealdelen	10
2.2.	Arealstrategiar	10
2.3.	Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov	11
2.4.	Viktige tema i planprosessen	13
3.	Føringar for arealinnspeil	16
3.1.	Krav til arealinnspeil.....	16
3.2.	Sortering og vurdering av innkomne arealinnspeil	17
4.	Organisering, framdrift og prosess.....	18
6.	Situasjon og utviklingstrekk - Kunnskapsgrunnlaget	20

1. Innleiing/Bakgrunn

Kommuneplanen er kommunens overordna, heilskapleg styringsverktøy og inneheld to delar, ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen set fast kommunen sine mål for samfunnsutvikling og kommunale tenester. Arealdelen i kommuneplanen set fast framtidig arealbruk i planperioden, både vern og utvikling.

Dette dokumentet er ikkje ein plan, men planprogrammet til kommuneplanens arealdel. Planprogrammet omtalar korleis prosessen for utarbeiding av planen skal blir gjennomført, og kva hovudtema arealplanen skal innehalde. Planprogrammet skal også være en vegleiar for dei som ynskjer å sende inn arealinnspel til planarbeidet. Planprogrammet skal vere sendt på høyring og blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Samfunnsdelen for Bykle kommune vart vedteke 15.10.2024. Gjennom samfunnsdelen av kommuneplanen har kommunestyret sett retning og ambisjonar for korleis kommunen skal utvikle seg komande periode. Prioriterte satsingsområde er kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida, stadutvikling i Bykle, destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden og eit meir variert næringsliv. Samfunnsdelen inneheld og ein arealstrategi som gir føringar for kommunen sitt utbyggingsmønster og framtidig arealbruk, og som skal bli følgt opp i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

I kommunen sin planstrategi for Bykle, som snart blir lagt fram for kommunestyret, er det framlegg om at Bykle sin kommuneplan både samfunnsdel og arealdel skal reviderast i denne kommunestyreperioden. Kommunedelplan for stiar- og løyper skal reviderast og innarbeidast i arealdelen.

I samsvar med Plan og bygningslova § 4.1 skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram skal greie for :

- Føremål med planarbeidet
- Trong for utgreiingar
- Grunnlag for konsekvensutgreiingar med analyse for risiko- og sårbarheit.
- Plan for framdrift og medverknad




1.1. Føremålet med revisjon av arealdelen i kommuneplanen

Arealdelen i kommuneplanen skal bygge på mål og strategiar frå samfunnsdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken hausten 2024, og vil difor gje viktige føringar for arbeidet med arealdelen. Gjeldande arealdel vart vedteken i februar 2019. I åra etter har det kome nye signal både frå statleg og lokalt hald, mellom anna i høve til klima- og naturkrisa. Dette vil vere med å prege planprosessen.


Føremålet med revisjonen kan difor oppsummerast slik:

- Legge til rette for framtidig samfunnsutvikling og arealforvaltning gjennom brei medverknad og gode planprosessar
- Konkretisere føringar gitt i samfunnsdelen med arealstrategi
- Skaffe ny kunnskap, røynsle og avklare endringar i overordna føringar
- Endring og oppdatering av plankart
- Samordning og oppdatering av føresegner og retningslinjer
- Gjennomgang av krav til reguleringsplanar
- Kritisk gjennomgang av reserveareal til utbyggingsføremål i høve til ny kunnskap



1.2. Bykle kommune sitt plansystem

Samfunnsdelen med arealstrategi legg føringar for arealdelen av kommuneplanen. Kommuneplanen, med samfunnsdel og arealdel, legg vidare føringar på all annan planlegging i Bykle kommune, som reguleringsplanar, strategiar og handlingsplanar innan ulike sektorar.



Figur 1. Illustrasjon av Bykle kommunes plansystem

Om tilliggjande planar og prosessar, og føringar

- I sist revisjon av kommuneplanen vart regionalplan/heiplanen lagt inn med omsynssone i kartet og føresegner vedteke. Det er uklart om denne planen vert revidert i planperioden.
- Ein kommuneplan er ikkje reguleringsplan, og vedtekne reguleringsplanar vil framleis gjelde, om ikkje noko anna går fram av kommuneplanen.
- Innspel på nye utbyggingsområde eller område som skal gå ut, bør kome i kommuneplanen som er ein overordna plan. Etter politiske føringar, både lokalt og sentralt, er det mykje som tyder på at fortetting går føre det å ta nye område i bruk.
- Føresegner i kommuneplanen er juridisk bindande og gjeld som føringar for nye reguleringsplanar eller som føresegner for tiltak utafor regulert område.
- Retningslinjer er ikkje juridisk bindande men syner ønska retning.

1.3. FN berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskapar og stoppe klimaendringar innan 2030. Det er 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Regjeringa har sagt at dette skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i denne tida, og at dei skal vere ein del av grunnlaget for kommunen si samfunns- og arealplanlegging.

**FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan
for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og
stoppe klimaendringane innan 2030.**



1.4. Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regionale og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventingane 2023-2027 legg vekt på desse områda:

Oppdaterte planar

- Effektive og involverande planprosessar

Trygge og inkluderande lokalsamfunn

- Levande byar, tettstader og bygder

Velferd og berekraftig verdiskaping

- Legge til rette for grønne industrinæringar
- Tilgang på kompetanse, arbeidskraft og gode tenester
- God infrastruktur som grunnlag for verdiskaping
- Tiltrettelegging for natur- og kulturbasert næringsliv
- Verdiskaping i ein sirkulær økonomi

Klima natur og miljø for framtida

- Heilskapleg planlegging for å nå klima og miljømåla
- Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
- Ta vare på naturmangfald, friluftsiresser og kulturmiljø
- Reine og rike vatn og vassdrag

Nasjonal vegleiar

I mars 2022 la Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) (Nå: Kommunal- og distriktsdepartementet – KDD) fram ein ny vegleiar for kommuneplanens arealdel. Bykle kommune vil bruke denne i arbeidet med rullering av arealdelen sin.

Statlege planretningslinjer (SPR) og rikspolitiske retningslinjer (RPR)

Retningslinjer frå staten vert brukt for å gjere dei nasjonale forventingane meir konkrete innafor viktige område i planlegginga.

- Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing, fastsett 2018
- Statlege planretningslinjer for samordna bolig-areal og transportplanlegging, fastsett 2014
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging, fastsett 1995
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, fastsett 1994

1.5. Regionale føringar

Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk styringsdokument for utvikling av heile Agder. Planen skildrar dei viktigaste utfordringane og mogelegheitene for landsdelen, eit ønska framtidsbilete for 2030 og kva som skal til for å nå konkrete mål.

Hovudmålet i planen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk og berekraftig region i 2030 som inneber å:

- Bruke heile Agder, og syte for at utviklinga kjem heile Agder til gode
- Arbeide saman for å nå FN sine berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå
- Arbeide kunnskapsbasert og målretta for å forbetre levkåra gjennom langsiktig og heilskapleg levkårssatsing
- Redusere klimautsleppa på Agder med minst 45 % innan 2030
- Bruke aktivt føremonane av digitalisering

Fylkestinget har vedteke ein enkel revisjon av Regionalplan Agder 2030. Det kan gi endra føringar for regionen. Kommunane blir invitert til å kome med innspel til planarbeidet.

Agder Fylkeskommune er regional planmynde. Fylkeskommunen si heimeside viser kva for regionale planar og strategiar som gjeld.

#vårtagder er eit samlande omgrep for alle aktivitetar som inneber regional samhandling på tvers av sektorar og fagområde, og som gjer til at vi kan nå måla i Regionalplan Agder 2030, og styrke Agder sin posisjon nasjonalt. Det overordna målet er å betre levkåra og redusere klimagassutsleppa. #vårtagder er eit verkemiddel for å styrke samhandlinga blant aktørane på Agder og stoltheita av å arbeide for Agder.



1.6. Kommunale føringar - samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2034 har ei rekke mål og strategiar som gir føringar for rullering av arealdelen. Særskilde satsingsområde for perioden er:

- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida
- Stadutvikling i Bykle
- Destinasjon- og sentrumsutvikling på Hovden
- Eit meir variert næringsliv.



2. Sentrale problemstillingar og trong for utgreiingar

Arealstrategiane er eit viktig styringsverktøy, skal vise kommunens langsiktige mål og strategiar for arealbruk og er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Arealstrategiane skal vere realistiske og ha ein overordna karakter. Dei følgjer opp nasjonal politikk og relevante regionale planer. Arealstrategien er særleg viktig som grunnlag for arbeidet med kommuneplanens arealdel, og vil gjere arealdelen betre tilpassa kommunens behov og utfordringar. Dette vil gi kommunen betre politisk styring over arealbruken, og gjere planprosessen for arealdelen meir føreseieleg.

Kommunen må i tillegg vurdere kva for utgreiingar som er naudsynte for å kome fram til ein arealdel der miljø, utvikling og berekraft vert teke vare på og vurdert opp mot kvarandre. Alle tema skal blir vurdert opp mot de tre berekraftdimensjonane; miljø, sosial og økonomisk.

2.1. Innhald i arealdelen

Kommuneplanens arealdel skal bestå av plankart, planføresegner og ein planomtale med konsekvensutgreiing. Planomtalen skal innehalde planens føremål, hovudinnhald og verknader, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området (Jfr. Plan- og bygningsloven § 4-2.) Konsekvensutgreiinga skal gi en særleg omtale og vurdering av planens verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet gir ein oversikt over kva tema konsekvensutgreiinga skal omfatte, og konsekvensutgreiinga skal:

- Gi på ein tilfredsstillande måte gjere greie for verknader av planforslaget for miljø og samfunn
- Gjere det mogleg for høyringsinstansar og innbyggjarar generelt å vurdere kvaliteten på grunnlaget for avgjerder
- Vere faktabasert, påliteleg og objektiv, slik at den har legitimitet som grunnlag for vidare avvegingar og avgjerd

Planomtalen skal også innehalde ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), som skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som kan avgjere om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og om utbyggingsformålet i seg sjølv kan føre til endringar i risiko- og sårbarheit.

2.2. Arealstrategiar

Nyleg vedteken samfunnsdel inneheld strategiar for areal som er ei tinging til arealdelen. Dei er samla inn under kvar dimensjon av berekraft; sosial, miljømessig og økonomisk.

Sosial berekraft

- Kommunen vil legge til rette for vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd med bustader, handel og møteplassar og gåvenlege sentrum.
- Det skal leggest til rette for leilegheiter og mindre bueiningar i både sentra.
- Kommunen vil legge til rette for både nye bustadkonsept, lys i dagens bustader og gardsbruk og høve til bustadbygging i grendene.
- Det skal leggest til rette for friluftsliv i nærområda til bustader og fritidsbustader og trygge skuleveggar og ferdselsårer til sentrum.
- Sikre aktivitetsaksen langs elva frå Hegni til skisenteret på Hovden.

Økonomisk berekraft

- Hovudstruktur for næringsareal i kommuneplanen frå 2019 vert vidareført. I tillegg skal det vurderast eigna areal for større kraftkrevjande etableringar nær kraftproduksjonstaden i Bykle og eigna areal for lager for handverkar-verksemder ved Hovden.
- Legge til rette for areal til forsterka nettkapasitet for nye etableringar.

- Legge til rette for at destinasjon Hovden skal dreiest mot heilårsaktivitet med attraksjonar, levande sentrum og aktivitetsområde i samarbeid med næringslivet.
- Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje i midtregionen.
- Vurdere korleis lokalisering av næringsområde og funksjonar kan bygge opp under sentrumsutvikling i Bykle Kyrkjebygd.
- Sikre dyrkbart areal og kulturlandskap for lokal matproduksjon og utvikling av reiseliv.

Miljømessig berekraft

- Naturen og naturressursane er grunnlag for busetting og reiseliv i Bykle, og vi vil forvalte areala i eit generasjonsperspektiv.
- Vidareutvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon skal i hovudsak skje innafor allereie avsette byggeområde og med miljømessige berekraftige utbyggingsformer.
- Vurdere fortetting og høgare utnytting i sentrumsnære hytteområde med tilstrekkeleg infrastruktur.
- Ein skal legge til grunn at nye byggeområde ikkje skal leggast på myr.
- Vurdere ei langsiktig byggegrense (kotehøgde) mot fjellet i pressområde og kunnskapsbaserte grep for å kanalisere ferdsel bort frå sårbare område for villrein, som tilrettelegging av løyper i låglandet og sentrumsnært.
- Tidlegare vedtatt arealbruk skal revurderast på bakgrunn av ny kunnskap om klimaendringar, samfunnstryggleik, myr og andre naturverdiar og nye nasjonale og regionale føringar. Ein opnar for å ta ut konfliktfylte byggeområde i gjeldande kommuneplan.
- Ved vurdering av framtidig arealbruk skal ein ha merksemd på førebygging og konsekvensar av klimaendringar.

2.3. Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov

For å kunne gjere gode vedtak er det viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag. Offentleg tilgjengeleg data vil bli brukt ved revideringa, og planar og retningslinjer som nemnt i kapittel 1 vil og inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget. I tillegg skal det blir jobba med temaene i kapittel 2.3.

Alle område som blir lagt inn ved revisjon av arealdelen må utgreiast for kva konsekvensar tiltak vil føre til. Det same gjeld dersom det er endringar i område eller føremål, samt om det er område som ikkje er utbygd, der det har kome ny kunnskap til dømes innan risiko og sårbarheit, naturkunnskap el.l.

For nye utbyggingsområde skal det bli laga ein verdi- og konsekvensutgreiing i tråd med forskrift for konsekvensutredningar § 18. Kor omfattande og detaljert utgreiinga av enkeltområda bør vere, er avhengig av verdien av området, størrelsen på den aktuelle utbygginga og moglege verkingar for miljø og samfunn i det aktuelle området. I samsvar med Miljødirektoratets vogleiar M1941 vil konsekvensane av endra arealbruk blir fastsett ved å samanhalde områdetets verdi og omfanget (verkinga) av tiltaket. Vurdering av verdi og omfang/verking vil bli basert på kjende registreringar, fagleg skjønn, bevaringar og andre kjente opplysningar.

Med utgangspunkt i Konsekvensutredningsforskrifta § 21 har Bykle kommune valt ut at følgjande tema skal konsekvensutgreiast for kvart utbyggingsområde og for kommuneplanens samla verking:

Miljø

- Naturverdiar og naturmangfald
- Vassmiljø og naturverdiar i vatn
- Landskap
- Naturressursar
- Forureining og støy
- Klimagassutslepp
- Naturfare

Samfunn


- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv, grønstruktur og nærmiljø
- Barn og unge
- Trafikksikkerheit og transportbehov
- Teknisk infrastruktur
- Folkehelse

- Påvirkningsområde ut over sjølve arealinngrepet

Det skal i tillegg bli utarbeidd ein eigen vurdering av risiko og sårbarheit.

Tema skal blir vurdert med ein kortfatta omtale. Alle nye, eller endra utbyggingsområde skal blir vurdert under kvart tema. Konsekvensen av utbygging blir fastsett ved å samanstill verdi og omfang i ei systematisk fire-trinns prosedyre som omtala i Miljødirektoratets handbok om konsekvensutredning av klima og miljø, M-1941:

- Trinn 1: fastsette verdi for kvart tema på ein oppdelt skala frå utan konsekvens til svært stor konsekvens.
- Trinn 2: omtale påverkingane av tiltaket etter ein fastsett verditabell.
- Trinn 3: fastsette konsekvens basert på verdi og omfang ved bruk av konsekvensvifte og sett i tabell på ein oppdelt skala frå stort negativt til positivt.
- Trinn 4: konklusjon basert på ein samla vurdering av konsekvens for alle tema.



Figur 2. Konsekvensvifte, Miljødirektoratets håndbok M-1941.

Alle vurderingar skal vere relatert til eit 0-alternativ som omtalar vidareføring av dagens situasjon. Datagrunnlaget skal bli vurdert på ein tretrinns skala: godt – middels godt – mangelfullt.

Konsekvensutgreiinga vil bestå av to delar: Ei vurdering av alle dei nye områda enkeltvis og ei vurdering av verknaden av den samla arealendringa i planen. I tråd med arealstrategiane vil det og bli gjennomført konsekvensutgreiing for eldre utbyggingsområde som ikkje er realisert, som ein del av vurderinga av om nokon av disse bør bli tatt ut av planen.

2.4. Viktige tema i planprosessen

TEMA som skal i utgreiast/vurderast planarbeidet		
Tema	Innhald i utgreiinga/vurderinga	Kjelde til kunnskap
Stadutvikling	- Følgje opp satsingsområde i samfunnsdelen om utvikling av Bykle kyrkjebygd og Hovden sentrum - Vurdering av om dette krev endringar i arealdelen	- Kunnskapsgrunnlag - Informasjon og dokumentasjon gjennom pågåande prosessar.
Utbyggingsstruktur bustad	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter - Forslag til endringar av kommuneplanen for å nå kommunens langsiktige mål.	- Arealrekneskap - Kommunen si eiga oversikt.
Utbyggingsstruktur fritidsbustader	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter - Forslag til endringar av kommuneplanen for å nå kommunen sine langsiktige mål. - Korleis oppnå meir berekraftig hyttebygging i Bykle kommune.	- Arealrekneskap - Kunnskapsgrunnlag
Reiseliv/ fritidsbustader – destinasjonsutvikling	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter - «varme og kalde senger» - Forslag til tiltak og endringar i arealdelen og kommunens vidare arbeid med tematikken.	- Planstatus - Prinsippsak frå 2022 - Ringverknadsanalyse - fritidsbustader - Destinasjon Hovden reiselivsstrategi - Studentoppgåver NMBU 2023- berekraftig reisemålsutvikling - Berekraftige matsystem – lokalmat / kopling landbruk og reiseliv.
Naturmangfald	- Oversikt over kjende naturverninteresse. - Utfordringar og moglegheiter innan dette tema. - Forslag til korleis temaet kan bli følgt opp i kommunens arbeid, både i arealdelen og i vidare arealplanlegging. - Vurdere å avsette ei langsiktig grense for utbygging. - Vurdere areal for beredskapsøvingar	- Kjend kunnskap i Naturbase - Tiltaksplanar for villrein - Utmarksbeitekartlegging - Kunnskap om aktivitetar som skapar konflikthar med naturverdiane. - Ev. eigne kartleggingar om det er særskilt trong for kunnskap i denne fasen.
Kulturminne og kulturmiljø	- Oversikt over kjende kulturminne og kulturmiljø. - Utfordringar og moglegheiter innan dette tema. - Forslag til korleis temaet kan bli følgt opp i kommunens arbeid, både i arealdelen og i vidare arealplanlegging.	- Askeladden.no/miljøstatus.no - Tilstandsrapportar kommunalt eigde - Naudsynt kartlegging avklarast med regional mynde. - Verdifulle kulturlandskap /skjøtselsplanar
Barn- og unges interesser	- Kartlegge barn og unges interesse innan arealbruken i kommunen - kva som er bra og kva som kan forbeistrast	- Kunnskapsgrunnlag - Barnetråkkregistreringar - Trafikksikkerheitsplan - Dialog med ungdomsråd, skuler og barnehage

	- Vurdere tiltak for forbedring, både i arealdelen, og i kommunens vidare arbeid.	
Næringsliv	- Kartlegge kva slags areal næringsliv treng, og vurdere å avsette areal for næring som kan kome i framtida. - Vurdere tiltak for å tilrettelegging for næringslivet, både i arealdelen, og ev. i kommunen vidare arbeid.	- Kunnskapsgrunnlag - Kartlagt behov gjennomført i samband med arbeid med strategisk næringsplan. - Kartlegging av behov og infrastruktur for tilrettelegging for kraftkrevjande/plasskrevjande næringsetableringar.
Landbruk	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter - Vurdere tiltak både i arealdelen og for kommunens vidare arbeid (arealbruk, omsynssonar, økonomiske tilskotsordningar m.m.). - Drøfte landbruk og myr - Naturressursar som grunnlag for reiselivsnæring. - Stikkord: Lokal matproduksjon/auka sjølvforsyning, utmarksbeite	- Arealrekneskap - Miljøstatus.no, Nibio - Jordkartlegging: dyrka og dyrkbart areal, kulturlandskap og aktivering av jordbanken - Vernskoggrense
Friluftsliv	- Status i dag – løypenett sommar og vinter, friluftsområde med høg verdi, ev. konflikhtar med naturverninteresse osv. (Flytting, kanalisering, tilgang, parkering osv.) - Revidere sti- og løypeplanen - Vurdere andre tiltak for å styrke friluftslivet i arealdelen eller i kommunens vidare arbeid. - Folkehelse og fysisk aktivitet, barn, unge, eldre og folk med nedsett funksjonsevne.	- Sti- og løypeplan - Kartbasar - Tiltaksplanar for villrein - Kunnskapsgrunnlag - Innhente informasjon frå innbyggjarar, organisasjonar og liknande. - Samarbeid med destinasjonsselskapet - Sykkellruter - Nærtur - grøntstruktur i og rundt tettstader.
Vassressursar	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter. - Vurdere tiltak og endringar i arealdelen for å sikre temaet. - Arealforvaltning og endra behov (pumpekraftverk)	- Kunnskapsgrunnlag - Miljøstatus.no - Grunnlaget for revisjon for konsesjonsvilkår
Risiko- og sårbarheit	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter - Vurdere arealendringar på bakgrunn av ny kunnskap om flaum, skred og ras - Beredskap ved store hendingar og arealbehov - Sjølvforsyning - KU og ROS for arealendringar	- Overordna ROS-analyse for regionen - Arealinformasjon – omsynssonar osv. - Overordna ROS-analyse for kommunen (under arbeid) - Ev. oppdatert kunnskap om flaum, ras/skred, klimeendringar m.m. - Planar for teknisk infrastruktur – OVA og veg

Infrastruktur	- Digitale føringsvegar/fiber, kraftliner, kommunale vegar /omkøyringsvegar, parkeringsplan (offentlege p-plassar utfartsstader, løypenett utanom sentrum), vegnett, VA-nett , sykkelruter / gs-vegar mv.	- Kart - Dialog med netteigarar m.m.
Kommuneøkonomi/ gjennomføring	- Vurdere politikk for finansiering av overordna grøn og grå infrastruktur. - Kartlegge dagens praksis og vurdere alternativ. - Prinsipp for utbyggingsavtaler	- Handlings- og økonomiplan



3. Føringer for arealinnspeil

Etter fastsetting av planprogrammet blir det opna for å komme med innspel på endra arealbruk. Vurdering av innspel må sjåast i lys av dei måla som kommunen har sett i samfunnsdelen, samt nasjonale og regionale mål.

Tydelege føringer gjer det meir føreseieleg og hindrar at utbyggjarar, grunneigarar, kommunen og andre aktørar bruker ressursar på forslag som ikkje vil nå fram.

Kommunen vil legge til rette for at innspel kan blir sendt inn digitalt. Innspel må vere så godt opplyste som mogleg. Dette for å lette arbeidet med å vurdere innspela. Godt opplyste innspel fungerer og som eit forarbeid til konsekvensutgreiinga.

3.1. Krav til arealinnspeil

Ynskja informasjon for innspel er:

Kontaktinformasjon forslagsstiller

- Namn, adresse, telefon, e-post

Eigedomssopplysningar

- Teikne inn forslaget i digitalt kart, eller sende inn oversiktskart og kart med avgrensning tegnet inn
- Gards- og bruksnummer og eventuell adresse
- Omtale av plassering og dagens bruk av området med arealformål i eksisterande kommuneplan
Forslag til ny bruk/arealformål, samt omfang og utnytting (tal bygg/einingar ol.)
- Korleis er innspelet i tråd med kommunens arealstrategi?
- Gjeld innspelet fortetting av eksisterande bebygd areal eller endring/transformasjon av eit bebygd område avsett til andre byggeformål?
- Eventuell annan relevant informasjon


Natur, miljø, klima og samfunnssikkerheit

- Naturverdiar: Er det viktige/ trua naturtypar eller artar? Rører tiltaket vann og/eller vassdrag? Ligg det innanfor verna område?
- Landskap: Vil tiltaket gi endringar i landskapet og føre med seg store inngrep i terreng?
- Jord- og skogressursar: røres det ved dyrka mark? Røres det ved skogressursar?
- Forureining/ spesielle miljøforhold: Er området utsett for støy? Ligg området nær høgspenline? Er det forureina grunn eller luftforureining? Vil eventuelt forslag til arealformålet føre med seg auka støy eller forureining?
- Klimagassutslepp: Vil forslaget få konsekvensar for klimagassutslepp? (endring av arealbruk, økt transport mm)
- Samfunnssikkerheit/ naturfare: er området utsett for flaum eller ras? Ligg det innanfor aktsomheitssonar for ulike skredtypar? Har det vært skredhendingar innanfor området tidlegare? Kva slags lausmassar består grunnen av?

Samfunn

- Kulturminne/ kulturmiljø: Er det registrert kulturminne/ kulturmiljø innanfor området? Omtal kva slags type kulturminne/ kulturmiljø.
- Friluftsliv/ grønstruktur: Vil forslaget få verking på turområde/ grønstruktur? Vil forslaget gi auka/ redusert moglegheit for rekreasjon eller friluftsliv?
- Barn og unge; Avstand til skule, leike- og aktivitetsområde i nærleiken. Blir området brukt av barn og unge i dag?

- Rekreasjon og idrett: Avstand til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, 100-metersskogen.
- Tilgjengelegheit; Omtal tilgang til arealet for personar med funksjonsnedsettingar.
- Trafikksikkerheit: Er området trafikkutsett? Fører forslaget til auking av trafikkmengd?
- Vegtilkomst: omtal mogleg løysing for tilkomst og avstand til offentleg veg.
- Elektrisitet, vatn og avlaup: Er slik infrastruktur tilgjengeleg? Er det kapasitet i straumnett, vatn og avlaup i dagens løysning?



3.2. Sortering og vurdering av innkomne arealinnspeil

Innkomne arealinnspeil vil bli vurdert opp mot den overordna arealstrategien. Innspeila som ikkje er i tråd med disse vil bli silt bort tidleg i planarbeidet. Det vil bli fremma ein eigen politisk sak om kva innspeil som skal bli silt bort og grunngjevinga for dette.

Arealinnspeila som legg til rette for nye utbyggingsområde eller fører til vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde, vil bli konsekvensutgreia, jf. forskrift om konsekvensutredningar § 6. Resultatet av konsekvensutgreinga vil svare ut om arealinnspeila blir foreslått tatt med vidare eller blir silt ut.

4. Organisering, framdrift og prosess

I arbeidet med arealdelen vil kommunestyret måtte ta stilling til dei lange linene i Bykle kommune når det gjeld arealforvaltning. Mykje av arealet er bunde opp gjennom vern og anna bandlegging, og det blir viktigare enn før å prioritere godt på resten av arealet.

Organisering

Agder Fylkeskommune støtter kommunen i planarbeidet med rådgjeving og å få fram fakta om kommunen. Kommunen støttar seg og på KS sitt utviklingsarbeid for å gjere kommuneplanen til eit godt lokalpolitisk styringsverktøy.

Arbeidet blir organisert som vist i tabellen nedanfor.

Rolle	Deltakarar	Funksjon/Ansvar
Prosjekteigar	Kommunestyret	Fastsetting av planprogram og vedtak av planen. Drøftar mål i satsingar i politiske verkstader. I denne prosessen er kommunestyret styringsgruppe.
Prosjektansvarleg	Kommunedirektøren	Ansvarleg for å legge til rette for gjennomføring av prosessen jf. Planprogram og iht. lover og regler.
Prosjektleiar	Plansjef	Praktisk ansvar for gjennomføring av prosessen jf. planprogram, og for den planfaglege oppfølging av resultat frå politiske verkstader.
Arbeidsgruppe administrasjon	Tenesteleiarane inkludert beredskap, kommunikasjon, kommunelege, folkehelse, skulefag og flyktning.	Bidra til Kunnskapsgrunnlaget og oppfølging av resultat frå politiske verkstad. Observatørar i politiske verkstader.

Prosjektleiaren nyttar eige personell og konsulentbistand som er naudsynt for å gjennomføre prosessen.

Medverknad

Det vil bli lagt opp til dialog og medverknad ved behov undervegs i prosessen. Det blir ikkje oppretta referansegrupper og liknande, men aktørar og faginstansar vil bli trekt inn i arbeidet ved behov. I samband med høyring av eit planforslag vil det bli halde opne møte, og det vil bli vurdert å nytte digitale løysingar for å gje innspel.


Planprogram og planforslag vil bli fremma for kommunens råd og utval; ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne, viltutval mv..

Framdrift

Planprosessen for arealdelen er delt inn i tre fasar:

- Ein innleiande fase der det blir lagt vekt på samhandling mellom administrasjon og politisk nivå om viktige utviklingstrekk og utfordringar.
- Ein fase der kommunestyret drøftar seg fram til eit forslag. I denne fasen opnar ein også for innspel. Første utkast av plankart og føresegner vert lagt fram til drøfting.
- Ein fase med høyring og offentlig ettersyn. Drøftingar med overordna mynde og handsaming.

<i>Framdrift i planarbeidet</i>	<i>Aktivitet</i>	<i>Tidsperspektiv</i>
<i>Fase 1</i>	Pol. oppstart og planprogram	oktober 2024 – Januar/februar 2025
	Starte politiske drøftingar for ulike tema	
	Pol. fastsette planprogram	
<i>Fase 2</i>	Drøfting av tema, dialog med aktørar og andre, politiske verkstader	Februar 2025 – November 2025
	Utarbeiding av planforslag	
<i>Fase 3</i>	Fyrste gong pol. handsaming av planforslag	Desember 2025 – Mai 2026
	Høyring av planforslag	
	Medvergingsaktivitetar, opne møte, dialog, digitale løysingar m.m.	
	Bearbeiding av planforslag etter høyring	
	Politisk slutthandsaming og vedtak av arealdelen	



6. Situasjon og utviklingstrekk - Kunnskapsgrunnlaget

Fakta om Bykle kommune

Total areal 1552 km², av dette er 62 % bandlagt til vern.

1011 innbyggjarar per 3. kvartal 2024

Forventa utvikling er 1177 i 2030 og 1425 i 2050.

Kommuneplanen byggjer på eit breitt grunnlag av kunnskap. Dette utdraget sumerar opp utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar som utgangspunkt for prioriteringar i samfunnsdelen. Samla kunnskapsgrunnlag er å finne på bykle.kommune.no.

SOSIAL BEREKRAFT



Bykle kommune har positiv folketalsutvikling, fødselsoverskot og netto tilflytting siste tiåret. Barn og unge har gode oppvekstvilkår i kommunen, og ungdata-undersøkinga understøtter dette. Samstundes ser ein utfordringar med små einingar, både med omsyn til fagmiljø, nærmiljø og psykososialt miljø. Det kan føre til at nokre opplev å falle utanfor og kjenner på einsemd. Utanforskap, anten det skuldast å vere utanfor utdanning/arbeid eller sosiale orsakar, er ei utfordring.

Fleirtalet av innbyggjarane har grunnskule, vidaregåande skule eller "kort" høgare utdanning som høgaste utdanningsnivå. Dette disponerer for sosial ulikskap. Karane i Bykle har hatt fallande forventa levealder i same periode som alle grupper opplever vekst i levealder.

Personar i aldersgruppa 80-90 vil venteleg bli nær dubla dei neste 10 åra. Det vil gi monaleg redusert aldersbereeve sjølv om prognosar om forsiktig folketalsauke slår til. Aldersbereeve vil vere ei folkehelseutfordring om framskrivingane blir realitet. Velferdsteknologi kan bidra til effektivitet, men det vil vere behov for hender og kompetanse for å gje naudsynste tenester på forsvarleg nivå. Det vil vere viktig å legge til rette for at brukarane vert ressursar i eige liv og for kvarandre, og det vil vere behov for å mobilisere lokale ressursar ut over dei offentlege.

God kommuneøkonomi har gitt høgt nivå på tenester og bemanning, og innbyggjarane har høge forventningar til tenestenivået. Kommunen har eit robust helsetilbod i samarbeid med Valle. Det er utfordringar med å rekruttere og behalde personell i nokre tenester, særleg for personell med høg utdanning. Innanfor helse, skule og plan- og byggesak er det krevjande å få tilstrekkeleg med kvalifiserte medarbeidarar. Dette gir høg arbeidsbelastning, høgt sjukefråvær og i nokre tenester høg turnover. Fagnetteverk, samarbeid mellom kommunar og tenestekjøp kan vere naudsynt for å sikre kompetanse og kapasitet. Arbeidsoppgåvene blir stadig meir komplekse og spesialiserte. Å ta ut potensialet som ligg i digitalisering krev kompetanseheving i arbeidsstokken. Digitalisering kan og opne for å arbeide meir fleksibelt og slik kunne møte nokre rekrutteringsutfordringar.

Kommunen er forplikta til å gi naudsynste tenester til alle som bur eller oppheld seg i Bykle. Venteleg vil det bli fleire eldre hyttebuarar, og helse- og omsorgstilbodet må tilpassast auke i hytteturisme og reiseliv. Store svingingar i folketal og avstand til sjukehus gjer dette krevjande i helsetenestene, særleg for legevaktilbodet. Helsetenestene er bygd opp for eit større innbyggartal enn dei som bur i kommunen,

noko som gir større fagmiljø og robustheit ein elles ikkje ville hatt. Kommunen er og interessant for utprøving av ny teknologi og samarbeidsprosjekt med spesialisthelsetenestene, basert på at ein har ressursar til å vere proaktiv med.

Dei fleste flyktningane i Bykle kjem frå Ukraina. Regionale og nasjonale trendar med auke i familiar med vedvarande låginntekt ser ikkje ut til å gjelde så sterkt her. Auka kostnadsnivå slår likevel hardest ut for einslege, låginntektsfamiliar og flyktningar. Rask introduksjon av flyktningar til lokalt arbeidsliv vil slik styrke inntektsgrunnlaget for fleire. Manglande kollektivtilbod stiller krav til eigentransport og er ei barriere som kan forsterke både utanforskap og einsemd. Det gjer til at mange slit med å gjere seg nytte av tilbod og å kome seg i arbeid raskt.

Det er meir variert befolkningssamansetning i Bykle enn i samanliknbare kommunar på grunn av reiselivsnæringa. Folkehelseundersøkinga syner utfordringar i kulturbygginga mellom fastbuande og tilflyttarar, sesongarbeidarar og andre. Det gir udefinerbare psykososiale konflikter i lokalsamfunnet.

Innbyggjarundersøkinga frå 2022 syner at 78% ønskjer å bli buande i Bykle og heile 80 % gir uttrykk for at dei er engasjerte i utviklinga av kommunen. Dette kjem og til uttrykk gjennom høg valdeltaking.

Dei fleste bur i einebustader. Det er låg utbyggingstakt på nye bustader, men det har vore eit lite oppsving dei siste åra. Kommunen har ledige regulerte tomter både i Bykle og på Hovden. I dei kommunale bustadfeltar er det buplikt for å ikkje få bruk av rimelege bustader som fritidsbustader.

Kommunen er ein stor og aktiv aktør i bustadmarknaden med 60-70 bustader for utleige. Nokre som bufellesskap og hyblar til elevar ved Skigymnaset, nokre for tilsette i kommunen og nokre for å dekke bustadosiale behov. Det nyaste er to leileghetsprosjekt for nyetablerarar – leige for eige, og leilegheiter for kommunalt tilsette som både vart raskt fullteikna. Reiselivet etterspør bustader for sesongarbeidskraft. Prisnivået og lite rullering i dei kommunale leigebustadene er truleg medverkande til at det er liten omsetning av private bustader. Kommunen si rolle som utbyggjar innafor bustadmarknaden påverkar dynamikken for private aktørar. Økonomisk støtte til bustadbygging på subsidierte kommunale tomter gjer det vanskeleg å få til lønsame bustadprosjekt for private, og det er lite private bustadprosjekt både i Bykle og på Hovden.

ØKONOMISK BEREKRAFT



Bykle er kraftkommune med solide inntekter frå vasskrafta. Kraftinntektene er under press. Meir inntektsutjamning mellom kommunane i Noreg eller vesentleg reduksjon i inntektsgrunnlaget vil innverke sterkt på drift og tenester. Solide inntekter over tiår er m.a. investert i varige anlegg, bygg og infrastruktur, tilpassa både fastbuande og tilreisande. Det gir høge driftskostnadar pr innbyggjar. Dei økonomiske ringverknadane av hyttebygginga er under kartlegging. Ved eventuelle reduserte inntekter vil ein få utfordringar både med å redusere teneste- og servicenivået. Investeringar i faste anlegg gir langvarige føringar for driftskostnadar, som kan blir krevjande å halde oppe med evt. reduserte inntekter i framtida. Ein ventar likevel at kommuneøkonomien ikkje blir radikalt endra på kort sikt.

Inntektsgrunnlaget gir handlingsrom for å drive innovasjon og endringsarbeid med tanke på effektivisering og å finne nye måtar å arbeide på. Det kan gjere kommunen rusta til drive godt også innafor eventuelle endra rammeføretnader.

Bykle har høgare del tilsette i privat sektor enn snittet for Agder. Flest arbeider innafor bygg og anlegg, helse og sosialtenester, dernest overnatting, servering og varehandel. Dei største private verksemdene er Hovden hytteservice og Bykle vindu. Kommunen og offentlege arbeidsplassar er og viktige. 30% av innbyggjarar i arbeid er tilsette i kommunen (42% av kvinnene, 15% av mennene).

Store delar av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehald av fritidsbustader og tenester innanfor reiseliv. Dette er næringar som tradisjonelt har avgrensa lønsemd og lønsnivå. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og i høve sysselsetting. Reiselivet gir sesongvariasjonar i arbeidsmarknaden og utfordringar i å skape fleire heilårsarbeidsplassar.

Sysselsettingsgraden er høg. Likevel står om lag 100 av 650 personar i arbeidsfør alder permanent eller mellombels, heilt eller delvis utanfor arbeidslivet. Avstand til andre og større arbeidsmarknader stiller større krav til arbeidsmarknaden lokalt. Verksemdar som primært er innretta mot lokal marknad gir avgrensa vekstpotensial. Det er 28% innpendling og 20% utpendling til og frå Bykle. Ein har felles bu- og arbeidsmarknad med Valle og øvre Telemark (sterkt påverka av ei entreprenørverksemd).

Kommunen sin status som fritidsarena for Kristiansand gir potensiale for større etableringar og nye næringar gjennom fritidsinnbyggjarar med ressursar til å etablere nye verksemdar lokalt.

Hovden er ferie- og reisemålsorientert med stor grad av private næringsliv. Bykle fjellbygd er administrasjonssentrum, har landbruks- og bygdelivsorientering, og noko næringsaktivitet. I Bykle handels- og sentrumsfunksjonar noko meir spreidd. Hovden har eit tydelegare sentrum med fleire handel og serveringstilbod. Både stadane har gode møteplassar og tilbod drive av kommunen. Stadane har ulik eigenart og identitet. Det er behov for positiv og differensiert utvikling av både tettstadene.

Kommunen tilstrevar likeverdige og fullverdige tenestetilbod på både stadane. Det er ressurskrevjande og gir små miljø for tilsette og brukarar. Over tid kan det bli ei utfordring dersom økonomien bli strammare.

I og rundt Hovden er det regulerte område til handel og reiselivsnæringar o.s.b., m.a. eit nyleg regulert 3 daa kombinert nærings- fritidsbustadområde i Hovden sentrum vest. Det ligg og krav om næringsareal på gateplan for etableringane i Otravegen. Det er etterspurnad etter meir næringsareal nær Hovden sentrum til lager, handverksverksemdar og liknande.

Kommunen er i ferd med å regulere eit større område i midt-regionen, ved Tykkås, for grovnæringar. På sikt vil ein også få tilgjengeleg næringsareal på Hartevatn industriområde, etter kvart som massetaket er sluttført. I Bykle kyrkjebygd ligg Sarvsnetten industriområde med ein del ledig næringsareal. Bykle sentrum har litt spreidde regulerte areal til forretning, hotell og bensinstasjon. I nedre del mot Bykjilsmoen ligg større område avsett til næring i kommuneplanen sin arealdel som førebels ikkje er regulert. Næringslivet har synspunkt på at det manglar tilgang på næringsareal og areal til ulike føremål på rett stad.

NATUR OG MILJØMESSIG BEREKRAFT



Kommunen har store naturverdiar. Naturen, heiene og vassdraga er og sterkt prega av omfattande vasskraftutbygging med demningar, anleggsvegar, kraftliner og tilhøyrande anlegg.

Heile 63 % av samla areal er varig verna etter naturmangfaldslova. I tillegg inngår mykje av resterande areal i villreinstamma sitt leveområde. Kvalitetsnorm for villrein vart lagt fram i 2024. Den vil truleg medføre forsterka fokus på leveområde og funksjonsområde med kalving og trekk. Ferdslø følgjer av hyttebygging og reiselivssatsing på anleggsvegar og løyper i og gjennom funksjonsområda, med

potensielle målkonflikter. Staten har og forventningar til kommunal planlegging m.a. om redusert nedbygging av natur og ei meir berekraftig arealforvaltning.

Hyttebygging har vore, og er viktig for samfunnsutvikling og næringsliv. Samla er det kring 3000 fritidsbustader i kommunen. Det er aukande merksemd på negative konsekvensar av nedbygging av natur i Noreg. I Bykle er snaut 0,5 % av samla areal er bebygd. Arealrekneskapen syner store arealreservar avsett til framtidig utbygging av hytter, særleg i midt-regionen, med opp mot 3000 daa avsett i gjeldande arealdel.

Naturen og fellesgodane er viktigaste aktivum og attraktivt for reiselivet. Attraksjonsutvikling og formidling kan omhandle verneverdiar, villrein, kulturhistoria og vasskraftutbygginga, som motiv for å ta vare på naturverdiane. Samstundes kan desse bli utsett med forstyrning av dyreliv, slitasje og forringing gjennom utbygging.

Fjellandbruket i Bykle er karakterisert med rike utmarksbeite og avgrensa innmarksareal til dyrking av vinterfôr. Det er 14 bruk i drift, eit mjølkebruk, 9 bruk med anna storfe og 6 bruk med sau. Ein del av innmarka er overflatedyrka og tungdriven og har gått ut av bruk, samstundes som det skjer ein del nydyrking. Dei siste tiåra er det færre som er busett på gardsbruka. Det ligg eit potensiale i å aktivere og ta vare på naturressursane gjennom besøksforvaltning som koplar reiseliv og landbruk. I Bykle kyrkjebygd er det verdifulle kulturlandskap og verdifulle naturtypar.

Ein opplev at det er ei dreining mot etterspurnad etter meir berekraftig hyttebygging, med mindre tomter og einingar, mindre «fotavtrykk» og gjerne med delingsøkonomimodellar som kan auke belegg per eining. Både kommunen, næringsliv og innbyggjarar må forvente auka fokus på klimavennlege løysingar framover.

Det ligg nasjonale forventningar til kommunane om å medverke til reduserte klimautslepp. Dei største kjeldene til direkte klimagassutslepp i Bykle er tunge køyretøy (vegtrafikk) og maskiner i bygg- og anleggssektoren. Store mengder karbon er bunde i naturen, særleg i myr og høgbonitet skog. I kva grad karbonrike areal blir bevart, vil såleis vere sentralt for klimarekneskapen framover. I det store biletet bidreg fornybar-kraft-produksjonen til positive klimarekneskap langt utover kommunen sine grenser.

I ordsiftet om vidareutvikling av Hovden som turistdestinasjon drøftar ein korleis ein skal møte framtida med varme senger som styrkar staden, om ein skal oppretthalde planreserve for framtidige hotell eller om kombinerte føremål med leilegheiter som er tilrettelagt for utleige vil sikre større belegg og tal gjestedøgn. Reiselivet er innstilt på å innfri krav til miljømessig berekraft og naturomsyn framover. Ikkje minst vil dette gjelde meir vekt på grønne innkjøp og ei innkjøpsmakt som vektlegg miljømessig berekraft.

At kommunen har nokre av dei største vasskraftproduksjonane i landet, er eit utgangspunkt for å ta meir aktivt del i det grønne skiftet. Våre stadbundne fortrinn innafor energi, natur, kulturarv er moglegheiter for å ta del i etablering av nye og framveksande næringar og sikre større breidde og annan kompetanse i arbeidslivet lokalt.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Jordbruket i Bykle er utsett og på marginane med bruksstorleik og klimatiske tilhøve. Samstundes har styrkt fokus på jordvern og auka sjølvforsyningsgrad vekt medvitet om å aktivere jordbanken til meir variert matproduksjon. At jordvegen er bratt og stadvis ikkje halden i hevd, kan likevel gi moglegheiter for meir dyrking av nye vekstar, bruk av mindre og automatisert utstyr og samarbeid for å nyttegjere seg ressursgrunnlaget framover. Ein ser aukande interesse for lokalmat, rein og trygg mat og sjølvdyrking/andelslandbruk, som kan vere inngangar til framtidig landbruksmodell.


Klimaendringane fører venteleg til meir ekstremvær. Kommunen må bu seg på meir kraftig nedbør både i intensitet og hyppigheit, fleire og større flaumar og meir krevjande overvasshandtering i og langs

vassvegane og kring samfunnsviktig infrastruktur. Med kraftigare vêrskifte og mykje nedbør kan ein og vente at faren for skred og ras vil auke.

Faren for uønskte hendingar knytt til samfunnsviktig infrastruktur kan vere konsekvens av m.a. klimaendringar, terror og driftssvikt. Fysisk infrastruktur knytt til vasskraft, hovudvegnett og kraftforsyning er eigd og blir handtert av andre enn kommunen. Samfunnskritiske tenester i kommunen vil vere særleg sårbare for svikt i digital infrastruktur.

Hyttebygging krev stadig meir av kommunens tekniske infrastruktur. Etablering av nye hytteområde er ikkje alltid koordinert med planlagt oppgradering og rekkefølge for utbygging av kommunalt vatn- og avløpsnett. Det fører til auka risiko for kollaps eller utfordringar med levering av tekniske tenester. Kommunen sikrar at det ikkje blir opna for utbygging i farlege område gjennom gode rutinar i arealplanlegginga. Bykle har generelt høgt fokus på samfunnsikkerheit og beredskap, og eit robust apparat for krisehandtering.

Arealoversikt for Bykle henta frå Agder fylkeskommune:



Arealrekneskapet gir ei grei oversikt over utbyggingsgrunn, men det tar ikkje omsyn til verna areal eller andre omsynssoner i kommuneplanen. Det kan derfor sjå ut til å vere meir areal som er «ledig» enn det som er tilfellet.

